



Handlingsplan for å førebygge,
handtere og følgje opp mobbing i

Ørstabarnehagen

2017 - 2019



Mål

Tilsette i Ørstabarnehagen skal ha nulltoleranse for mobbing

Alle tilsette i Ørstabarnehagen skal dagleg jobbe aktivt for å oppretthalde eit inkluderande oppvekstmiljø fritt for mobbing.

Mobbing og krenking er eit viktig tema i barnehagane. Rammeplanen for barnehagen legg tydelege føringar for at barnehagepersonalet skal førebyggje og stoppe utestenging og mobbing.

Handlingsplanen skal gi dei tilsette i Ørstabarnehagen ei innføring i kjenneteikn, forebygging og tiltak mot mobbing. Planen inneheld i tillegg ulike skjema ein skal bruke, forslag til barnebøker om temaet og relevante lenker. Denne planen skal fungere som eit verktøy for heile personalet i Ørstabarnehagen, slik at dei best mogleg skal kunne jobbe for eit oppvekstmiljø fritt for mobbing. Den skal sikre at føresette blir tatt på alvor, og får behandla mobbesaker og krenking på ein god måte.

Vi oppmodar tilsette og føresette om å nytte lenkjene om temaet som er lagt ved planen.

Definisjon på mobbing:



Mobbing er fysiske eller sosiale negative handlinger, som utføres gjentatte ganger over tid av en person eller flere sammen, og som rettes mot en som ikke kan forsvare seg selv i den aktuelle situasjonen

- Erling Roland

Moglege kjenneteikn på mobbing

Ver merksame på om eit barn:

- gjentekne gongar over tid vert utsett for sårande merknadar
- gjentekne gongar vert audmjuka og gjort narr av
- vert dominert av andre, og dette er eit mønster
- vert skubba, sparka eller slått utan å kunne forsvare seg

- har sår eller øydelagde kle utan å kunne forklare kvifor
- vert utestengd frå gruppa
- stadig held seg til ein vaksen i utetida
- verkar skremd og usikker
- vegrar seg for å kome til barnehagen

Kjenneteikn på mobbeatferd og sårbare barn henta frå kompetanseheving av leiarar ved Tove Flack

Mobbeatferd :

- brukar negative handlingar for å oppnå sosiale eller materielle goder
- finn stimulans i å gjere negative handlingar mot andre
- utøver makt over andre; finn stimulans i å skape avmakt
- "belønning" i form av status og tilhøyre i ei gruppe som plagar andre
- skjult mobbing
- ikkje "sinnedrevet"

Sårbare barn:

- *ikkje* ytre kjenneteikn
- kan vise seg gjennom barnet sin væremåte; mister kontroll i sosiale situasjonar, tårer, redsel, hjelpelaust sinne og overdreven defensiv i sosiale situasjonar
- konsekvensar på sikt kan til dømes vere lav sjølvkjensle, helseplager, dårlegare skuleprestasjonar, skulevegring, angst og depresjon og post traumatisk stress



Vi må stille oss spørsmåla:

- KVEN er det sårbare barnet i barnegruppa?
- KVEN i gruppa utøver mobbeatferd.

Førebygging av mobbing

Målet er eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø som førebyggjer mobbing og krenkande åtferd. Vennskap er eit viktig verkemiddel mot mobbing.

- tilsette og føresette må samarbeide om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet mot mobbing
- barnehagane må ha tydelege verdiar og haldningar som vert praktisert av dei vaksne
- barnehagane må ha kompetente tilsette som arbeidar systematisk med å skape eit inkluderande barnehagemiljø med gode samhandlingsmønster
- barnehagane må etablere gode rutinar som gir borna opplevingar av tilgjengelege vaksne
- barna bør få vere med på å utforme grenser og reglar for samvær i barnehagen

Dei tilsette må:

- reflektere over eigen veremåte og vere gode førebilete
- leggje til rette for ein god start for det einskilde barnet og byggje gode relasjonar til kvart barn
- anerkjenne barna sine opplevingar i møte med andre og medverke til refleksjon over dei
 - skape ein trygg og samtidig utfordrande stad for vennskap og aktiv deltaking i eit positivt fellesskap
 - snakke positivt om ulikskapar og arbeide for at alle barn blir ein attraktiv leikekamerat og venn
 - legge merke til, bekrefte, synleggjere og forsterke positivt samspel mellom barn
 - systematisk observere einskildebarn og barnegrupper, og tilrettelegge for meistring og etablering av gode relasjonar og vennskap
 - vise alle barna tillit og formidle forventningar og handtere uønska atferd på ein tydeleg måte, slik at barna lett kan forstå kva som er akseptabelt og kva som ikkje er lov.

Tiltak ved mobbing og krenkjande åtferd:

Personalet har plikt til å gripe inn konstruktivt og aktivt for å løyse mobbesaker. Styrar skal få kjennskap til saka, og ta del i arbeidet.

- den som vert mobba skal oppleve tilsette som er trygge og tydelege og tek vare på dei
- dei som mobbar skal møte tilsette som tek klar avstand frå hendinga, viser barnet respekt og har forventningar om at dei endrar åtferd
- dei involverte føresette skal oppleve at dei tilsette viser dei respekt.

Tiltak overfor barn som er involvert:

- klargjer kven som er med i mobbehendinga
- beskriv korleis du som vaksen opplever hendinga og ver tydeleg på uakseptabel åtferd. Dersom dei vaksne ikkje reagerer, legaliserer dei mobbing
- bekreft barnet positivt når det seier frå om at andre eller dei sjølve blir plaga
- ta avstand frå handlinga barnet gjer, men ikkje frå det barnet er. Understrek at det er det barnet har gjort som gjer at den andre er lei seg
- rett barnet si merksemd mot korleis den andre har det
- forvent at barnet prøvar å gjere det godt igjen, til dømes ved å gjere ei positiv handling
- forklar barna at vi har nulltoleranse på uakseptabel åtferd.

Dei tilsette i barnehagen:

- skal følgje flytskjema, varslingskjema og forpliktande tiltaksplan (vedlegg)
- sikrar at personalet til ei kvar tid veit kva som er den vaksne sitt ansvar når det gjeld haldning og handling i situasjonar der nokon vert krenka
- skal seie frå når barn krenker barn, vaksne krenker barn eller vaksne er med på å oppretthalde krenking eller mobbing
- lage ein kultur der konflikt og konflikthandsaming er ein naturleg og viktig del av kvardagen. Der vaksne har eit medvite forhold til korleis, og når det er naudsynt med støtte til barna
- den næraste leiaren rettleiar dei vaksne som er involvert

Føresette til involverte barn

Separate samtalar med føresette til involverte barn der personalet kan bruke desse punkta som leietråd:

- Personalet informerer om grunnen til møtet
- Spør føresette og om dei har kjennskap til den aktuelle hendinga
- Den tilsette beskriv hendinga ut i frå barna si oppleving (her krevst det at ein kjenner alle dei involverte sitt perspektiv i saka)
- Markere at barnehagen og foreldra har felles ansvar for dei involverte barna.
- Avklar kva som skal gjerast vidare og kven som skal gjere kva. Både føresette og personalet har eit ansvar å følgje opp saka.
- Skriv referat og tiltaksplan
- Avtal eventuelt nytt møte.
- Ta kontakt med andre instansar ved behov. Til dømes helsestasjon.

For å kunne nytte dokumenta i flytskjemaet, må du klikke [her](#).

Planen skal evaluerast innan 30.06.2019

Ørsta, 7.06.2018

Reidun Mo

Seksjonsleiar barnehage

Lenkjer og vedlegg:

- Skjema ein skal bruke ved mistanke om mobbing og krenking:
 - Varslingskjema ([vedlegg 1](#))
 - Mal for referat ([vedlegg 2](#))
 - Forpliktande tiltaksplan ([vedlegg 3](#))
- Lovverk:
 - Barnekonvensjonen
 - Barnehageloven §1 og 2 + rammeplanen
 - Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler § 5

- Lenkjer til relevant informasjon:
Udir sit hefte "Barn sin trivsel- vaksne sitt ansvar"
["Barn sin trivsel - vaksne sitt ansvar"](#)

Udir informasjon om mobbing:

[Nullmobbing - udir](#)

FUB-brosjyre:

[FUB: Mobbing i barnehagen](#)

Artiklar/forsking:

[Kva gjer ein når barnet ikkje trivast i barnehagen](#)

[Slik kan barnehager jobbe mot mobbing](#)

Film frå dansk redd barna om mobbing:

[Film frå Redd barna](#)

Barnebøker

Nynorsk:

Njårs Svendsen:

Sissel Horndal:

Bjørn Sortland:

Vågnes/Duzakin:

Trude Tjensvoll:

Kari Stai:

Martine Grande:

Jonsdottir mfl

Punter/Mazali:

Nilsson/Gustavsson:

Linda Palm

Bomulv

Himmelspringaren

Zara og dei. Gorillahjerne til middag

Den vesle, blå haien

Bo flyttar ut

Jakob og Neikob. Naboen

Kakerlakken med den stygge frakken

Nei! Sa Veslemonster

Den pysete katten

Kompisen er for liten

10 små vennebøkene

Bokmål:

Tor Åge Bringsvær:

Tor Åge Bringsvær:

Tone Lie Brøttinger:

Paul Leer Salvesen:

Ann De Bode:

Lena Klefeldt:

Mats Wänblad:

Ulf Nilsson:

Per Christian

Kari Saanum:

Gunn-Britt Sundstrøm:

Else Færden:

Birgitta Stenberg:

Birgitta Stenberg:

Gunder Andersson:

Trond Brønne:

Gunilla Bergström:

Gunilla Bergström:

Ursula Kirchberg:

Egon Mathiesen:

Kaia Brønne:

Johanna Thydell:

Camilla Otterlei og

Jill Moursund

Karsten liker å danse

Ruffen- sjåormen som ikke kunne svømme.

Min storebror apen

Fy Fabian

Det er alltid meg de skal ta

Otto og Joppa

Lilleving

Den lille gutten og løven

Jersild: Hymir

Herr Alkabars nese

Gutten i supermanndrakten

Den stygge drageungen

Billy og sinte Lotta

Bjørn drar på landet

Martins sommer

Petter og månen

Albert og udyret

Hvem kan redde Albert Åberg?

Selim og Susanne

Katten med de blå øynene

Fremmed/Venner/Uvenner/Savnet

Det er en gris i barnehagen.

Kunsten å møte en bjørn.

**VARSLING VEDRØRANDE KRENKJANDE ÅTFERD
ELLER MOBBING I BARNEHAGEN.**

(Styrar/assisterande styrar skal legg denne i barnet si mappe)

Barnehagen sitt namn :	
Barnet sitt namn og fødselsdato:	
Avdeling / base:	
Bekymring meldast til styrar:	
Bekymring meldast av:	
Dato/år for melding:	
Kva handlar bekymringa om? Kva har eg sett/høyr? (stengt ute av leiken, blir ikkje akseptert, får negative kommentarar, blir dominert, undertrykt, trua, slått, dytta, hersa med, håna, krenka, latterleggjort, manipulert eller anna)	
Korleis vart bekymringa oppdaga?	
Anna faktainformasjon:	

MAL FOR REFERAT FRÅ MØTE VEDRØRENDE MOBBING ELLER KRENKJANDE ÅTFERD I BARNEHAGEN

(Denne skal liggje i barnet si mappe, med kopi til føresette)

Møtedato/år: _____

Deltakarar på møtet: _____

Kva saka gjeld (hendelsesforløp, involverte)	Tiltak (som skal iverksettast)	Ansvar

Dato for neste oppfølgingsmøte: _____ År: _____

Stad/dato: _____

Underskrift tilsett (ped. leiar)

Underskrift føresette

Underskrift føresette

FORPLIKTANDE TILTAKSPLAN NÅR MOBBING ELLER KRENKJANDE ÅTFERD SKJER:

(Denne skal ligge i barnet si mappe)

TILTAK	ANSVAR	GJENNOM- FØRING (signatur og dato)
Den som observerte eller observerar mobbing/krenking informerar pedagogisk leiar/styrar straks. Tar så hendinga opp i relevante møte med skildring av den vaksne si tolking av situasjonen. Bli einige om vidare tiltak	Den som observerar Pedagogisk leiar/meldar skildrar	
Samtale med dei involverte barna. Barna kjem med forslag til tiltak.	Den/dei av personalet som står barnet/barna nærmast.	
Samanfatt barna sine forslag med dei personalet har kome med.	Pedagogisk leiar	
Samtale med foreldra (både til den som mobbar og den som vert mobba) der ein ser at enkle tiltak ikkje er nok for å løyse utfordringa. Fortel kva som er observert og lytt til tilbakemeldingar frå foreldra. -har dei høyrte eller merka noko på barnet? -vil barnet i barnehagen? -har foreldra forslag til tiltak? Sei litt om kva tiltak barnehagen har tenkt å setje i gang. Avtal nytt møte for evaluering av tiltak.	Pedagogisk leiar / Styrar	
Lag ei oversikt over endelege tiltak. Fordel oppgåver for gjennomføring av tiltak, og snakk med medarbeidarane om korleis dei skal evaluere tiltaka både undervegs og til slutt. Døme på tiltak ein kan setje i verk i ulike aktivitetar gjennom dagen. Samlingsstund - med temabøker, - tema/dramatisering og refleksjon mellom barn og vaksne. - arbeid med sosial kompetanse gjennom til dømes Steg for steg og Vennebøkene. Leik - leikegrupper med fokus på samleik - den vaksne tilføre nye leiketema som bryt negative mønster. - den vaksne rosar, framsnakkar og gir oppgåver som hevar status til barna - songleikar og aktivitetar som fremjar samhald. - rettleie barn som dominerer både med ord og handling. Øve dei i turtaking også i leiken.	Pedagogisk leiar / Styrar	
Evaluering av tiltaka som er sett i verk etter samtale og observasjon av barna. I tida framover ekstra tett oppfølging og logging av dagane.	Pedagogisk leiar	
Evaluering på avdelingsmøte 1-2 veker etter. Drøft eventuelle nye/endra tiltak.	Pedagogisk leiar / Styrar	
Nye samtalar med foreldre/barn.	Pedagogisk leiar / Styrar	
Evaluering til saka er løyst.	Pedagogisk leiar / Styrar	

